



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 06.09.2018
Vår ref.: 2018/13930-2
Saksbehandlar: talhals
Dykkar ref.:

Ungdata-undersøking i Hordaland i 2019

Ungdata er ei lokal ungdomsundersøking som er gratis for alle kommunar og fylkeskommunar i Noreg. Sidan 2010 har 439 200 ungdommar frå 405 kommunar delteke i ungdatabundersøkingane. Ungdata gir oss med dette ei unik oversikt over ungdom si trivsel, levekår og helse; korleis det er å vere ung i Noreg i dag.

Med bakgrunn i folkehelseleva skal kommunar ha oversikt over innbyggjarane sin helsetilstand og korleis helsa fordeler seg mellom folk. Denne oversikta skal inngå som del av grunnlaget for kommunalt planarbeid. Ungdata, som er eit system for lokale ungdomsundersøkingar, er ein del av dette oversiktsarbeidet. Undersøkinga er for elevar i ungdomskuletrinnet og i vidaregåande skule og vert gjennomført via elektroniske spørjeundersøkingar på skulane.

For kommunar og fylkeskommunar er Ungdata eit kartleggingsverktøy som eignar seg til bruk i det førebyggjande ungdomsarbeidet og for å få oversikt på folkehelseområdet. Resultata frå Ungdata kan nyttast som kunnskapsgrunnlag i planlegging, i det førebyggjande ungdomsarbeidet, politikkutvikling og til forskning og undervisning. Ungdata gir moglegheit til å analysere regionale og lokale variasjonar og trendar over tid, og til å gå djupare inn i problemstillingar innan ulike tema.

Planlegging, gjennomføring og oppfølging av undersøkinga er eit samarbeid mellom KoRus Vest Bergen, og Regionalavdelinga og Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune.

Målet er at så mange ungdoms- og vidaregåande skuler som mogleg gjennomfører undersøkinga i løpet av veke 5-8. Med bakgrunn i dette har KoRus behov for ein kontaktperson per kommune, i tillegg til ein kontaktperson per skule. I lenka for påmelding under blir dette etterspurt.

Frist for å melde seg på Ungdata 2019 er sett til fredag 21. september 2018.

[Klikk her for å melde din kommune på Ungdata-undersøkinga.](#)

For spørsmål, ta gjerne kontakt:

Kontaktpersonar i KoRus Vest Bergen, Bergensklinikkene:

- Erik Iversen, psykologspesialist, tlf. 916 64 069
- Kristian Hartveit, spesialkonsulent, tlf. 992 25 888

Kontaktpersonar i Hordaland fylkeskommune:

- Aina Haugstad, spesialrådgjevar Regionalavdelinga, tlf. 977 00 413
- Venke Barrikmo, seniorrådgjevar Opplæringsavdelinga, tlf. 969 42 919

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Kathrin Jakobsen
Leiar seksjon for forskning,
internasjonalisering og analyse

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.